# FORPROSJEKTET:
# «KVA SKAL TIL FOR AT POLITIKARAR SKAL VERA BETRE RUSTA TIL Å TA AVGJERDER I AREALSAKER»

Buskerud bonde- og småbrukarlag.
Prosjektleiarar:
Marit T. Nerol
Embrik Rudningen

# Folkemøte Ål kulturhus 23.11.2023












18 NYHEITER — LAURDAG 25. NOVEMBER 2023 — HALLINGDØLEN

Skal utmarka brukast til hytter eller matproduksjon? Det var tema på eit folkemøte i Ål kulturhus. Kring 200 personar møtte opp for å få folkeopplysning om arealbruk, jus, villrein og biologisk mangfald. F.v.: Småbrukar Halgrim Syversrud, forskar Vegard Gundersen, jurist Kamilla Mjøsund, forskar Hanne Sickel, villreinekspert Sigmund Tveitehagen og turistsjef Richard Taraldsen.

## Sexy nok for ein torsdag

**Arealpolitikk er kanskje ikkje så sexy. Men det hindra ikkje at kring 200 hallingar brukte heile torsdag kveld på tre og ein halv time med foredrag.**

TOR FOLGERØ
tf@hallingdolen.no

Du har lese om dette temaet i Hallingdølen mange gonger før: Talet på hytter aukar for kvart år. I Hallingdal er det i dag kring 20.000 hytter og fritidsbustader. Blir alt som ligg i tomtereserven, bygd ut, er det potensial til nesten ei dobling, 35.000 fritidseiningar.

Kva blir konsekvensane, for naturen, for beitedyr og bønder og for lokalsamfunna rundt?

**Tre timar med foredrag**

Torsdag inviterte bonde- og småbrukarlaga i Hallingdal til ope møte for å drive folkeopplysning om temaet. På programmet hadde dei henta både lokale ressurspersonar og nasjonale forskarar. Kunnskapsrike folk med breidde i perspektiva.

Folk fekk høyre om alt frå biologien i stølslandskapet, via villrein og jus i kommunal forvaltning, til konfliktar mellom beitebruk og hytteturisme. Også dei positive ringverknadene av turismen vart løfta opp på scenen.

**Småbrukarar i storstova**

Embrik Rudningen og Marit Torsrud Nerol hadde fått rolla som ordstyrarar, på vegner av lokallaga i NBS. Fekk småbrukarane det dei håpte då dei booka storstova i Hallingdal?

– Ja, det vil eg seie. Me fekk inn eit mangfald, både i panelet, men også blant publikum i salen. Me trur at det er det som skal til for å kome nokon veg. Det er ein fare for at folk som er samde, møtest i kvart sitt ekkokammer. Sjølv om det tydeleg var folk med ulike ståstad og ulike politiske syn i panelet, opplever eg likevel at det var ein fellesskap i botn, seier Rudningen.

– Det er viktig å møtast på tvers av ulike interesser. Eg trur det ofte er slik at utbyggjarar snakkar med utbyggjarar, og naturvernarar snakkar med naturvernarar. Me må høyre perspektiva til kvarandre og prøve å forstå kvarandre sine behov. Skal me finne gode løysingar, er det *det* som skal til, meiner Nerol.

Forskar Vegard Gundersen (NINA).

Sigmund Tveitehagen.

Jurist Kamilla Mjøsund i Hol kommune .

Marit Torsrud Nerol og Embrik Rudningen styrte ordet og var medarrangørar på folkemøtet i Ål kulturhus.

**Pengar i banken**

Ein av dei tinga ho tok med seg heim etter kvelden, er kunnskapen om at «planar er ferskvare». Kamilla Mjøsund, jurist i planavdelinga i Hol kommune, snakka i sitt føredrag om kva handlingsrom kommunane har i arealforvaltninga. – Ein reguleringsplan er ikkje pengar i banken. Planar er dynamiske og skal endre seg i takt med samfunnsutviklinga, fortalde juristen.

Om planane er eldre enn ti år, har kommunane ikkje berre høve, men også ei plikt til å til å oppdatere kunnskapsgrunnlaget og ta stilling til om det å byggje ut, er ei vurdering som framleis står seg i dag. Det er ikkje juristane i planavdelinga som bestemmer, det er det politikarane som gjer. Og i årets valkamp var det fleire parti som var opptatt av planvask.

– Politikarane trur at dei ikkje har handlingsrom. Men tenk, her kjem juristen og seier at dei kan bestemme langt meir enn dei trudde, seier Rudningen.

**Tidsånda i mellomgolvet**

Med kring 200 i salen kan ein hevde at temaet hadde ein publikumsappell. Har småbrukarlaga planar om å arrangere fleire slike folkemøte?

– Det var i alle fall inspirerande at det kom så mange, og me må jo snakke om desse tinga, seier Nerol.

– Tja, men dette var så bra at eg veit ikkje om me treng fleire møte, ler Rudningen. – Det må me i så fall kome tilbake til. Det var eigentleg sjølve samfunnsutviklinga som sette i stand dette møtet. For det var ikkje slik at me hadde lyst å halde møte og såg oss rundt etter eit relevant tema. Nei, me vart sparka i mellomgolvet av tidsånda, seier han.

Folkemøte om utmarka og arealbruken i Hallingdal

**Bør grunneigarar og politikarar prioritere natur, matproduksjon eller utbygging ?**

**Ål kulturhus 23. november 2023**

## «Fritidsbygg» i Hallingdal 2006-202




## Hytter, innbyggjarar og areal i km2



## Hytter per innbyggjar og km2






## Straumkundar og -forbruk i 2022



## Cirka tomtereserve i kommunane



## Hytter no pluss reserve




## Oppsummert heile Hallingdal



Mål: Finne ut kva som skal til for at politikarar skal vera betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker

Tiltak 1: Kartlegge kva opplæring nyvalde polikarar får i arealforvaltning i dag?

Tiltak 2: Planlegge og gjennomføre ein halv dag med workshop i kvar kommune med alle representantane i dei ni kommunestyra ut frå behov for kunnskap og informasjon. Bruke rollespel som bevisstgjering for å lettare forstå ulike behov og sider som skal belysast i eit case. Ta opp ulike utfordringar frå pressgrupper(grunneigarar, utbyggjarar, natur- og miljøinteresser, beiteinteresser) og frå media.
Etter gjennomført workshop skal politikarane gi innspel til kva ei grundigare opplæring i arealforvaltning skal innehalde.

Tiltak 3: Ei samling for arealplanleggjarane i Hallingdalskommunane- og tre Numedalskommunar der det blir stilt spørsmål: Korleis kan kommunane sikre at konsekvensutgreiingane er nøytrale og ikkje favoriserer enkeltinteresser? Korleis jobbar kommunane med planvask? Kva kompetanse har arealplanleggjarane behov for?
Etter gjennomført workshop skal arealplanleggjarane gi innspel til kva dei ynskjer seg av opplæring.

Tiltak 4 Gjennomføre to styringsgruppemøter og to prosjektgruppemøter

Tiltak: 5 Utarbeide rapport med konkrete råd til kva poltikaropplæring i arealforvaltnning skal innehalde i eit hovudprosjekt

# Prosjektgruppa







Marit T. Nerol bonde og prosjektleiar, styremedlem Hol BS

Embrik Rudningen, bonde og prosjektleiar, styremedlem Gol BS

Me har òg knytta til oss regissør og coach Tone Aas Skålevik til førebuingane.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 01.Prosjektleder 40% stilling 8 mnd | 57 500 | 172 500 | | | | 230 000 |
| 02.Forskerkompetanse 10 samlinger | | 116 000 | | | | 116 000 |
| 03. Planlegging med forskere | | 23 200 | | | | 23 200 |
| 04.Lage rollespill | | 30 000 | | | | 30 000 |
| 05.Bevertning samlinger | | 40 000 | | | | 40 000 |
| 06.Prosjektgruppe | | 20 000 | | | | 20 000 |
| 07. Regnskap og administrasjon | | 20 000 | | | | 20 000 |
| 08. Reisekostnader | | 20 000 | | | | 20 000 |
| 09. Uforutsette utgifter | | 10 000 | | | | 10 000 |
| 10. Egeninnsats | | 520 000 | | | | 520 000 |
| **Sum kostnad** | **57 500** | **971 700** | | | | **1 029 200** |

Egeninnsats:
20 politikere x 9 halvdagsworkshop-samlinger med kommunestyra x 4 timer a kr650=Kr 468000
20 arealplanleggere x 1 halvdagsworkshop x 4timer a kr 650=Kr 52000
Tilsammen Kr 520000

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *Søkt beløp fra Viken Fylkeskommune | | | | | | 0 |
| 01.Egenfinansiering (kr) | | | | | | 0 |
| 02.Egenfinansiering (egeninnsats) | | 520 000 | | | | 520 000 |
| 03.Annen offentlig finansiering | | 230 000 | | | | 230 000 |
| 04.Privat finansiering | | 49 200 | | | | 49 200 |
| Buskerud fylkeskommune | 230 000 | 172 500 | | | | 402 500 |
| **Sum finansiering** | **230 000** | **971 700** | | | | **1 201 700** |

Buskerud FK kr 230000, Fjellandbruksmidler Kr 230000, Buskerud Landbruksselskap Kr 49200. Det er forventa at kommunane dekkjer utgifter til politikarar og arealplanleggjarar.

## Geografi

615-Flå, 616-Nes, 617-Gol, 618-Hemsedal, 619-Ål, 620-Hol, 631-Flesberg, 632-Rollag, 633-Nore og Uvdal

## Vedleggsliste

| Dokumentnavn | Filstørrelse | Dato |
|---|---|---|
| | | |

# I korte trekk:

- Kommunen må stille med politikarane si tid.
- Kommunen får opplæring til politikarane og arealplanleggjarane.
- Og legg grunnlaget for endå betre opplæring i framtida i hovudprosjekt.
- Kommunane får vera med å forme workshopane.
- Statsforvaltaren, Buskerud fylkeskommune og Buskerud landbruksselskap betalar.
- Marit og Embrik organiserer og har skaffa topp kompetanse både fagleg og til metoden.